



Rekneskapsrapport pr september - oktober 2025

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivsaksnr.:
24/8583

JournalpostID:
25/185961

Saksnr:	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato:
----------------	--	--------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar Rekneskapsrapport pr september - oktober 2025 til orientering.

Bjørnafjorden, den 07.11.2025

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Kommunestyret gjorde i 2. tertialrapport 2025 ei større tilleggsløyving til sektorane basert på meldingar om meirforbruk pr august. Dei fleste områda ser ut til å halde budsjetttrammene etter dette, men Helse og velferd meldar om noko meirforbruk også etter tilleggsløyvinga.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gir styringsinformasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksutgreiing:

Om rapporten:

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr oktober er ca. 82%. Kolonnen Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventta meir-/eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

FRIE INNTEKTER

Årsprognose: Frie inntekter ser ut til å gå i balanse i år.

Skatteinntekter

Skatteinntektene for Bjørnafjorden kommune viser pr oktober ein vekst på 12,2% i forhold til same periode i fjor. For kommunane samla er veksten 9,1%. I revidert nasjonalbudsjett gjekk det fram at regjeringa venta noko lågare skatteinntekter enn det som blei lagt til grunn i statsbudsjettet. I haust har skatteanslaget blitt heva igjen, og pårekna skatteinntekter for i år er no om lag på same nivå som i vedteke statsbudsjett for 2025 (vekst på 10%).

Rammetilskot

Rammetilskotet er budsjettregulert etter revidert nasjonalbudsjett og er i samsvar med regjeringa sitt oversyn over rammetilskot 2025 til kommunane.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av inntekter frå Havbruksfondet, integreringstilskot for flyktningar og rentekompensasjon frå Husbanken. Inntekter frå Havbruksfondet blir utbetalt i november, og blir kr 9.441.433 i 2025. Budsjettert inntekt er 11.400.000, så beløpet er kr 1.958.567 lågare enn budsjettert. Integreringstilskot for flyktningar ser ut til å vere «i rute»

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

etter justert budsjett. Rentekompensasjon frå Husbanken er budsjettert med 3,5 mill. kr og blir utbetalt i desember. I 2024 var utbetalt beløp noko høgare enn budsjettert, og det er von om at dette vil bli tilfelle også i 2025.

FINANS

Årsprognose: Finans kan få meirinntekter i år knytt til langsiktig finansportefølje.

Det er i 2. tertialrapport 2025 gjort budsjettreguleringar internt i finansområdet, m.a. som følgje av auka renteutgifter og auka renteinntekter. Pr oktober er avkastninga på den langsiktige finansielle porteføljen positiv med ca. 12 mill. kr. Porteføljen har hatt positiv avkastning sidan mars i år. Det er avkastninga pr 31.12.2025 som vil bli bokført som avkastning for 2025. Vi har ingen garanti for kva som vil skje med porteføljen i november og desember, men per no ser det lovande ut med omsyn til at vi får ein positiv avkastning på finansporteføljen i 2025.

FELLESOMRÅDE

Årsprognose: Fellesområde ser ut til å gå i balanse i år.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Folkevalde organ og Fellesutgifter ser ut til å gå i balanse.

Det er i 2025 innført ny offentlig AFP for tilsette i kommunesektoren. Det er i revidert nasjonalbudsjett utarbeidd oppdaterte overslag over meirkostnader til pensjon i 2025, og kommunesektoren sine budsjetttrammer er auka i samsvar med dette. For Bjørnafjorden kommune utgjer beløpet ca. 17,5 mill. kr, omtrent det same som vi rekna som meirutgifter i budsjettarbeidet for 2025, ut frå informasjon frå pensjonsleverandørane på det tidspunktet. Sjølv om fasiten ikkje vil kome før i rekneskapsavslutninga for 2025, legg vi til grunn at det tilførte beløpet vil vere tilstrekkeleg.

Premieavviket i 2024 blei positivt med ca. 35 mill. kr. Beløpet må utgiftsførast i 2025. Kommunen har ikkje eige fond avsett til å dekke desse utgiftene ettersom avsetninga måtte strykast i samband med rekneskapsavslutninga for 2024. Utgiftene må derfor dekkast av eit ev positivt premieavvik i 2025. Prognoser frå pensjonsleverandørane tilseier at vi vil få eit samla positivt premieavvik i 2025 som minst er stort nok til å dekke utgiftsføringa av premieavviket for 2024.

STAB

Årsprognose: Stab ser ut til å få innsparing på ca. 1,5 mill. kr i år

Stab består av Sentral leiing, Økonomiavdelinga og HR avdelinga (inkl. IT).

Stab ser ut til å få ei relativ stor innsparing på løn i 2025 som følgje av at stillingar har stått ledige i påvente av nytilsettingar, særleg i økonomiavdelinga.

OPPVEKST

Årsprognose: Oppvekst ser ut til å gå i balanse i år.

Oppvekst rapporterer balanse for 2025 etter at området blei tilført 22 millionar i samband med behandling av 2 tertialrapport. Desse 22 millionane var i samsvar med prognose for meirforbruk.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Skular

Budsjettrammene på skulane er sær s stramme, men vi varslar ikkje meirforbruk etter at skuleområdet blei tilført 13 millionar for 2025 som del av 2 tertialbehandlinga.

Driftsnivået i fleire skular ligg høgt i høve ramma sjølv om det er gjort justeringar ved nytt skuleår. Dette skuldast auke i elevar med store hjelpebehov og konkrete oppfølgingstiltak i enkelte skular knytt til elevutfordringar, samt sjukefråvær/vikarbruk ved ein del skular. Det er fortsatt ei utfordring at når rammene er så stramme, manglar skulane fleksibilitet til å organisere personalet annleis til best mogleg bruk. Dei tilsette er knytt til fast undervisning eller konkret arbeid med einskilde barn. Vi har fleire barn som treng tettare oppfølging av vaksne, enn det vi hadde for få år sidan.

Elevtalet viser nedgang på 64 elevar for skuleåret 2025/26. Det er størst nedgang i barneskulane. Diverre "treff nedgangen" slik at det er ugunstige klassesdelingstal mange stader.

Kulturskulen og Vaksenopplæringa meldar balanse. Vaksenopplæringa har vurdert samla drift i samband med reduksjon i mottak av nye flyktingar. Dette vil påverke drifta og det er gjennomført reduksjon i personalressursar frå 2026.

Familiens Hus

Alle einingane i Familiens hus driftar innanfor den økonomiske ramma ein er tildelt. Det er likevel verdt å merke seg at kostnader knytt til barnevern og oppfølging av ungdom er aukande. Dersom det kjem fleire plasseringar i institusjon knytt til barnevern er det risiko for at dette budsjettet ikkje vil halde ut året.

Barnevernstenester

Frå medio november har vi 7 barn på institusjon. Ungdom på institusjon med samansette vanskar kostar tenesta svært mykje, opp mot ca. 4 millionar per år. Det er ei auke i denne gruppa. Sjølv om vi er langt på året er det fortsatt ein risiko for at budsjett ikkje held innan dette området. Det har vore ei stor auke i meldingar inn mot ungdom, mellom anna knytt til rus.

Barnevernstenesta jobbar kontinuerleg med å finne alternative løysingar saman med andre tenester i Familiens Hus for å unngå flytting på institusjon. Tilflytting til kommunen og utvikling i ungdomskriminalitet er faktorar som har størst påverknad på behovet for institusjonsplassar. Gjennomsnittsalder på plassering på institusjon er ca. 15 år.

Barn, unge og familiar

Eininga driftar i balanse. Eininga ligg på rett nivå på løn. Driftsbudsjettet er lite, og ligg noko høgt på grunn av lisensar mm.

Vi har fått tilskot til utekontakten også for 2025, men tilbodet er ikkje lengre fullfinansiert. Det manglar 450.000 for å fullfinansiere utekontakten i 2025. Familiens hus samla vil klare å finansiere dette i 2025 som følgje av rekrutteringsvanskar og vakante stillingar andre stadar.

Førebyggjande helsetenester

Eininga meldar balanse samla på løn og drift. Det er større utgifter mellom anna knytt til tolketenester og transport enn budsjettert.

Inntektene er høgare enn budsjettert som følgje av auke i jordmortakst. Dette skuldast høge fødselstal og fleire konsultasjonar hos jordmor. Heile tilskotet frå Helsedirektoratet er mottatt.

Barnehagar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Barnehageområdet har fått tilført 9 millionar i samband med 2 tertial. Dette samsvarar med tidlegare varsla meirforbruk. Dei økonomiske utfordringane har vore knytt til fleire barnehageplassar i bruk og styrkingstiltak til barnehagebarn. Med desse tilførte midlane vil barnehageområdet klare å halde budsjettet for 2025.

Dei kommunale barnehagane driftar innanfor tildelt budsjett. Budsjetta blir regulert kvart halvår i forhold til tal barnehageplassar i bruk, slik at barnehagane sitt lønsbudsjett samsvarar med gjeldande bemanningsnorm og pedagognorm.

Oppsummering tiltak – Oppvekst

Tiltaka som vi har arbeida med hittil i 2025 held fram i 2026.

Innsatstrappa er eit sentralt utviklingsarbeid for å sjå tenestene i samanheng og sikre at vi løyser oppgåvene så “langt nede i trappa som mogeleg”. Alle tenestene i oppvekst er involverte i dette arbeidet. Vi har tru på at dette vil bidra til endra ressursbruk, men dette utviklingsarbeidet krev tid og kapasitet å gjennomføre.

Utover dette blir det arbeida med følgjande tiltak - gjeld heile oppvekstområdet:

- Tett dialog med einingsleiarane for å sikre kontroll på drifta. Det er stort fokus på å halde budsjett og kostnader nede i heile organisasjonen. Det har vore redusert kapasitet på Økonomiavdelinga noko som har påverka overordna økonomistyring og rettleiing.
- Gjennomføring av stillingskontroll og behovsanalyse før tilsetjingsprosessar
- Sjukefråværsoppfølging i einingane
- Eininga søker om fritak frå arbeidsgjevarperioden for kronisk sjuke
- Det blir arbeida med å hente inn uteståande refusjonar for sjukmelde
- Innkjøp: berre nødvendig utstyr
- Gjennomføre omstillingsprosessar
- Arbeid i arbeidsmiljøgruppene (AMG)

På skuleområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Konkret gjennomgang med kvar skule som ligg på for høg forbruksprosent i høve budsjett.
- Det er fleire komplekse og samansette vanskar hos elevane og det har vore ei betydeleg auke i behov for ressursar. Skuleeigar har, saman med skuleleiingane og aktuelle fagteneste, ein grundig gjennomgang av behova, og det blir arbeida både på system og individnivå for å finne gode løysingar som òg sikrar berekraftig økonomi.
- Gjennomgang i personalgruppa om organisatoriske endringar for å hindre overforbruk

I Familiens hus blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Utvikling av ulike gruppetilbod i Familiens hus med tanke på å nå fleire utan at det blir for ressurskrevjande for organisasjonen.

Barneverntenesta arbeider med følgjande tiltak:

- Det blir jobba aktivt for å redusere tal passeringar i institusjon.
- Vurderer jamleg om tiltak bør avsluttast eller om det er mogleg å sette inn andre tiltak som er mindre omfattande.
- Vi bruker Familiens Hus, akutt familieråd, MST, privatkjøp av miljøterapeutar som tiltak for å prøve å unngå plasseringar på institusjon. Fleire av tiltaka er dyre tiltak, men likevel mykje billigare enn institusjonsplasseringar. Barnets beste og forsvarlegheitskrav er styrande.

- Faste møte med forvaltninga og NAV for å jobbe førebyggjande, og sjå på løysingar knytt til tiltak til ungdom for å unngå plassering på institusjon.
- Arbeider med tiltak i kommunen slik at det er mogleg å flytte ungdommar mellom 18-20 år ut frå institusjon og tilbake til kommunen med bustad med oppfølging, eller heim til familien om mogeleg.
- Fokus på nettverksmøte, flytting til nettverk for å unngå institusjonsplasseringar

På barnehageområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Fortsette arbeidet med at alle vedtak §37 skal vurderast ilag med vedtak §31 opp mot prinsippet å kunne gje kvart enkelt barn eit heilskapleg tilbod.
- Sikre at ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) blir nytta i alle barnehagar

HELSE OG VELFERD

Årsprognose: Helse og velferd ser ut til å få eit meirforbruk på ca. 7 mill. kr i 2025.

Sektoren har fortsatt eit høgt sjukefråvær og rekrutteringsutfordringar i delar av kommunen der ein må bruke innleige frå vikarbyrå for å sikre forsvarleg drift. Fleire av einingane ligger høgt på bruk av variabel løn og overtid for å sikre rett kompetanse. Nødvendig opplæring i førebygging og handtering av vald gjennom KomLab har også auka kostnadene til variabel løn. Vekst i brukarmasse og brukarbehov aukar også kostnadene, der kommunen må levera på den lovfesta retten til nødvendig helsehjelp.

Ein ser at kostnadene knytt til sommaravtalen/bonusordning for tilsette blei høge. Etter lønnskøyring ligg ein an til ein total kostnad på 4,3 mill. kr for sektoren. Ein er no igang med å evaluere årets avtale med mål om å lage ein avtale for 2026 som er tilpassa tilbakemeldingar frå einingane og dei økonomiske rammene.

Sektoren har og hatt auka utgifter til BPA ordninga, dag-tilbod på Øvreeide gard og kjøp av tenester frå Bergen kommune til krisesentertilbod.

Meirforbruket kjem frå desse einingane:

- Fagstab og felles satsingar : 0,5 mil kr
- Forvaltning, koordinering og bustadkontor: kr 0,5 mill.
- Luranetunet bu- og behandlingssenter: kr 2,2 mill.
- Heimetenester Os: kr 1,1 mil
- Fusa bu- og behandlingssenter og heimetenester Eikelandssosen: kr 1,7 mill.
- Psykisk helse og rustenester: kr 1,6 mil

Vi melder balanse på einingane legevakt og legetenester og Nav. Tilrettelagte tenester melder eit forventet mindreforbruk på kr 600 tusen. Eininga har gjennom året klart å avvikle all innleige frå vikarbyrå.

Felles for alle einingane er at dei jobbar med å redusere sjukefråværet, halde vakter ledige når dei kan eller korta ned vaktlengda ved inntak av vikar, samarbeide meir på tvers og å halde stillingar ledige ein periode når det er mogleg. Ressursbemanning som er for stor i høve til sjukepengerefusjonar er redusert. Nedstenging av seks plassar ved korttids- og rehab.avdeling ved Fusa bu- og behandlingssenter vert vidareført.

Ved vakante stillingar vert det gjort nøye vurderingar og stillingskontroll før utlysing.

Fagstab og felles satsingar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Melder eit meirforbruk på i 2025 på kr 0,5 mil.

Dette er auka kostnader til BPA ordninga og auke av kommunal eigenandel til kjøp av krisesentertilbod frå Bergen kommune. Utgiftene for kommunen har dobla seg dei siste tre årane kva gjeld krisesentertilbodet.

Forvaltning, koordinering og bustadkontor

Eininga melder eit overforbruk i 2025 på kr 0,5 mill.

Hovudforklaringa er auka kostnader kring tilbodet ved Øvreeide gard. Tilbodet er svært populært og etterspurd og bruken er høgare enn rammene i budsjettet. Vi jobbar med å utarbeide tydlegare kriteria for målgruppe , samt fornying av avtale.

Forvaltninga held fram med å ha tett samarbeid med tenestene for å finne gode, kostnadseffektive løysingar på nye saker og hyppige evalueringar av eksisterande tiltak. Dette gjeld særleg tenester til barn og unge, der vi samen med Oppvekst kan sjå på moglegheitrommet på tvers av sektorane.

Legevakt og legetenester

Eininga melder balanse for 2025.

Nav

Eininga melder balanse for 2025.

Eigne ressurspersonar i Nav jobbar med flyktingane for å kunna gje tett oppfølging. Tal frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) for 2024 viser at 63,4 % av alle som avsluttar introduksjonsprogram i kommunen går over til Nav sitt kvalifiseringsprogram.

Tilrettelagte tenester

Eininga melder eit mindreforbruk på kr 600 tusen for 2025. Dette er eit resultat av at eininga har avvikla all innleige frå vikarbyrå.

Psykisk helse og rustenester

Eininga varslar eit meirforbruk på 1,6 mil kr for 2025.

Dette skuldast auke bruk av variable lønskostnader og bruk av overtid, samt kostnader kring sommarvikaravtalen. Ein ser og ei auke kring bil kostnader. Arbeidet med turnusar for 2026 er starta opp i alle avdelinger. Samarbeidet med andre einingar i sektoren er styrkt for å sikra meir effektiv ressursbruk.

Vedtaka er gått systematisk gjennom, og det er laga rutinar for regelmessig evaluering og oppdatering. Det vert også arbeidd målretta for å redusera fråvær og sikra kontinuitet i tenestene. Nokre stillingar har vert haldne vakante gjennom året med mål om å hindre overforbruk i høve til budsjett.

Luranetunet bu- og behandlingssenter

Eininga melder eit meirforbruk på 2,2 mil kr.

Eininga er godt i gang med dei ulike delprosjekta, men det tek tid å identifisere tiltak, å konsekvensvurdere dei og avklare dei økonomiske gevinstane. Innsparingane kjem i liten eller ingen grad i 2025. Meirforbruket er knytt til sommarvikaravtalen, kjøp av vikartenester, auke i variable lønskostnader som har samanheng med auka brukarbehov.

Eininga jobbar med følgjande tiltak:

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

- Avdelingsleiar har jamlege økonomimøte med økonomirådgjevar og kvar avdeling har ein konkret plan på korleis ein skal halde bruk av overtid på lågast mogleg nivå
- Kjøper berre naudsynt forbruksmateriell og har stramma inn på andre innkjøp, m.a. matvarer
- Korrekt bruk av ressursbemanning
- Jobbar konkret med sjukepleiedekning på natt for å avvikle innleige frå byrå
- Endra oppgåvedeling for effektiv og korrekt bruk av fagpersonell
- Leiing og deltaking i prosjekt dimensjonering institusjonsplassar

Heimetenester Os

Eininga melder eit meirforbruk på 1,1 mil kr.

Heimetenestene har, til liks med dei andre turnustenestene, hatt meirkostnader knytt til sommaravtalen og auka brukarbehov.

Heimetenestene vil ha ein jamleg gjennomgang av faste stillingar og har justert ressursbemanninga. Eininga er igang med å lage ny turnus for 2026 med mål om få eit betre samsvar mellom bemanningsplanar og budsjett. Heimetenestene har no ansvar for køyring til dagsenter sjølv, noko som vil ta kostnaden ned i høve til tidlegare nivå.

FBBS og heimetenester

Eininga melder eit forventa meirforbruk på 1,7 mil kr.

Drifta ved Fusa bu- og behandlingssenter er redusert frå mai med nedstenging av seks korttidsplassar og ØHD-seng. Bemanninga ved korttids- og rehabiliteringsavdelinga hjelper til på andre avdelingar og bidreg til å fordele kompetanse. Frå 1.9. er ØHD-senga gjenopna. Eininga har hatt meirkostnader knytt til auka brukarbehov, sjukefråvær og meirkostnader knytt til sommaravtalen.

SAMFUNNSUTVIKLING

Årsprognose: Samfunnsutvikling vil truleg gå i balanse i 2025.

Totalt sett er prognosen at samfunnsutvikling vil gå i balanse i 2025.

Det er likevel variasjonar innan dei ulike einingane, der nokon har eit meirforbruk, medan andre har mindreforbruk.

Hovudutfordringane er underfinansiering av støttekontaktenestene, låge gebyrinntekter på plansaker og matrikkelsaker, samt krav til innsparing på Brann og redning som ikkje har latt seg gjennomføre. På den positive sida sparar ein på straumutgiftene.

Innan Vatn og avløp er det eit underskot, men området isolert sett ligg an til å balansere dette ved kalkulatoriske renteinntekter. Likevel er dette eit underskot som belastar kommunen si ramme i 2025 (over Finansområdet som renteutgifter) og som kommunen kan få tilbake seinare år om sjølvkostområdet går med overskot.

Trass i usikkerheit rundt renteutvikling, gebyrnivå og krav til effektivisering viser sektoren god styring. Balansen blir i hovudsak halde, kostnader blir flytta der dei høyrer heime, og nye inntektskjelder og innsparingstiltak er sette i verk for å møte dei økonomiske rammene.

Samfunnsutvikling - Fagstab og fellesutgifter

Ein ligg an til eit mindreforbruk på Fagstab og fellesutgifter på om lag 600.000.

Dette skuldast i all hovudsak at utgifter til festeavtalar er budsjettert her, men har blitt ført på Eigedom Drift.

Ut over dette så sparar ein på lønsutgifter, fordi ein har lånt ut ein tilsett til Innbyggjarservice for å dekke vakanse. Det som verker i negativ retning er utgifter til Bildeleringen, der det er faste kostnader som ikkje blir vidarefakturert andre einingar.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Prosjekteininga

Prosjekteininga forventar balanse ved årets slutt. Eininga har høg forbruksprosent, då ein del utgifter skal vidarefakturerast i etterkant.

Plan og Byggesak

Innan Plan og Byggesak er det usikkerheit rundt inntektene på Plan og Oppmåling, medan Byggesak og Landbruk er i rute til å halde budsjettet. Eininga ligg såleis an til eit meirforbruk på om lag 1,5 millionar i 2025.

Landbrukskontoret

Prognosen for året er i tråd med revidert budsjett.

Forbruksprosenten kunstig låg på grunn av inntekter som er førte, som gjeld heile året, men der utgiftene enno ikkje er bokførte.

Plan

Planavdelinga ligg an til eit meirforbruk på om lag 0,8 millionar i 2025. Dette har samband med at gebyrinntektene for plansaker er under budsjett.

Pr. oktober er inntektene for plan og oppmåling under budsjettet, men mot slutten av året ventar ein framleis å kunne fakturere fleire stor plansaker slik at bildet betrar seg noko. I tillegg vil ein spare noko på lønnsutgifter og at vi held igjen på konsulenttenester, men truleg ikkje tilstrekkeleg til å unngå eit samla meirforbruk på avdelinga i 2025.

Byggesak

Både lønsutgifter og driftsutgifter ser ut til å ende på budsjettet nivå.

Gebyrinntektene er over budsjett og samla sett ligg det an til ein god gebyrinntekt i 2025. Det er sannsynleg at Byggesak vil gå med overskot, og dette overskotet vil bli sett av på sjølvkostfond ved årets slutt. Resultatet vil såleis gå i null.

Kart og Oppmåling

Kart og Oppmåling ligg an til eit meirforbruk på om lag 700.000 i 2025, noko som skuldast lave gebyrinntekter frå sjølvkostområdet for matrikkelsaker. Kartsal og vakansar gjer at avviket ikkje blir endå større. For sjølvkostområdet Seksjonering er inntektene i rute og ein forventar balanse. Det kan bli aktuelt med fleire vakansar.

Kultureininga

2024 viste eit meirforbruk på vel 2,5 millionar i støttekontakttenesta. Fatta vedtak etter lova og inngåtte avtalar med støttekontaktar, viser også for 2025 eit meirforbruk på vel 2 mill. kroner. Eininga arbeider vidare med gruppetilbod.

Det er noko høgt forbruk så langt i år på kultureininga og det skuldast i stor grad faste årlege utbetalingar til mellom anna drift av KF og oppfølging av avtalar. Generelt er det pressa rammer og lite disponible frie midlar.

Brann og redning

Det ligg an til eit meirforbruk på om lag 1,5 millionar kroner i 2025. Innsparinga på 1 million kroner har vore vanskeleg å få realisert, samt eit inntektskrav på 300 000 kroner knytt til linjegang som ikkje har vorte gjennomført enno. Dei siste 200 000 kronene kjem av ekstra kostnader ved migrering til sky leveranse. Visma Ressursstyring vert delvis dekkja av eininga (om lag 171 000 kroner).

Eininga ser no nærare på arbeidet kring linjegang og tek sikte på å få dette inn i årlege rutinar. I tillegg vil fokus på stillingskontrollar og eventuelle vakansar stå sentralt i høve bemanninga.

Med unntak av sjølve innsparingskravet er både faste og variable utgifter noko høgare enn budsjettert. Driftskostnader for beredskap har auka gjennom sommaren. Kostnader til 110-sentralen (tenestekjøp frå andre kommunar) vart høgare enn venta, og fakturerte samla i juli med 1,5 millionar kroner. I tillegg har variable kostnader auka som følgje av ferieavvikling, sjukefråvær og opplæring av nye tilkallingsvikarar ved Os og Eikelandsosen brannstasjon. Overtidsbruk og naudsynte utstyrsinnkjøp til desse vikarane har òg bidrege til kostnadsauken.

Det har vore stor usikkerheit knytt til sjølvkostområdet for feiing og tilsyn. I 2024 fekk sjølvkostområdet eit framførbart underskot på om lag 1,5 millionar kroner. For å balansere inntekter og utgifter i 2025, er gebyret auka med 21 %. Gebyrauken skal bidra til å balansere budsjettet i 2025.

Eigedom Drift

Pr oktober ligg ein an til å spare noko på lønn, straum, reinhald og forsikring, medan utgiftene til renovasjon og VA er godt over budsjett. Samla sett ligg ein an til eit mindreforbruk på om lag 5 millionar, der det meste knyttar seg til straumutgifter. Reinhaltsavtalen er no i hamn og det ser ut som den vil gå i balanse. Så langt ligg vi under budsjett, men dette vil truleg jamne seg ut ved årsslutt, då reinhald over 3 meter høg kjem i tillegg.

75% av kommunen sitt straumforbruk er fastavtale, resten følgjer marknaden. Vi har brukt ca. 600.000 kWh mindre straum på bygga våre fram til no enn same tid i 2024.

Det er også grunn til å tru at ein kan få litt høgare husleigeinntekter enn budsjettert i 2025. Ei utfordring i 2025 er at renovasjonsutgiftene har auka mykje på grunn av auka CO2 og forbrenningsavgifter + utvida Kilde sortering av avfall. Dei kommunale gebyra har auka ein del, og ved innføring av vassmålar på mange bygg har dette ført til ein del ekstra kostnader.

Samferdsle

Prognosen for 2025 tyder på balanse.

Lønnsutgiftene er på budsjett og det er p.t. ingen vakansar.

Når det gjeld driftskostnadene så står og fell alt på vinterdrift og kor mykje som går med til snøbrøyting. Etter vinteren 23/24 vart budsjett til snøbrøyting styrka, og så langt i 2025 er det framleis midlar attende til å dekke ein del snøfall, men det er fortsatt stor usikkerheit om det er tilstrekkeleg.

På inntektssida er ein litt etter budsjett. Dette fordi inntektene frå tømmerkaia i Eikelandsosen no i staden går til Samnøy tømmerkai som ikkje er i kommunalt eige. Dette inntektsbortfallet vert kompensert ved å redusere driftskostnader.

Vatn

Dei siste åra har det vore fleire store kostnader knytt til brot på vassleidningar. Også i 2025 har dette vore merkbar, men pr. oktober er det fortsatt nokre vedlikehaldsmidlar attende. Om budsjettet strekk til er såleis avhengig av at ein ikkje får større kostnader på dette i siste tertial.

Hittil i 2025 ser ein at rentenivået (5-år SWAP) er langt over det som vart lagt til grunn i budsjettet. Om marknaden sine prognoser slår til, blir dei kalkulatoriske rentene 2,5 til 3 millionar høgare enn budsjettert.

Det er ingen sjølvkost-fond til å absorbere denne kostnadsveksten, slik at ein p.t. må rekne med eit underskot på om lag 3 millionar. Kalkulatoriske renter vil derimot ha ein motpost på ansvar 499, slik at konsekvensen for sektoren er forventet å bli balansert.

Avløp

Hittil i 2025 ser ein at rentenivået (5-år SWAP) er langt over det som vart lagt til grunn i budsjettet. Om marknaden sine prognoser slår til, blir dei kalkulatoriske rentene om lag 5 millionar høgare enn budsjettet. I tillegg er inntektene litt mindre enn budsjettet. Det er ingen sjølvkost-fond til å absorbere denne kostnadsveksten, slik at ein p.t. må rekne med eit underskot på 6 millionar. Kalkulatoriske renter vil derimot ha ein motpost på ansvar 499, slik at konsekvensen for sektoren vil vera om lag 0.

Innbyggjarservice

Lønsbudsjettet ser ut til å gå i balanse. Ei 100% sjukmelding er ikkje erstatta, og det vil difor bli nokre ekstraavgifter i form av overtid og ekstrahjelp.

Forbruksprosenten er høg fordi to store kostnader er betalt i sin heilskap i starten av året. I tillegg vil inntekter frå sjølvkostområda først bli viste i desember.